

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2019-0268	<b>Søknadsår</b>	2019	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
<b>Prosjektnavn</b>	Globalisering i næringslivet			

### Kort beskrivelse

Utveksling av personell, førebuing av pilotprosjekt innan strategisk samarbeid i utviklingsland og nytting av EØS-midler innan havnæringane er tre område Aksello meiner har stort potensial for næringslivet i Sogn og Fjordane.

### Prosjektbeskrivelse

Delar av næringslivet i Sogn og Fjordane nyttar internasjonale moglegheiter, mens andre, kanskje særleg i SMB-segmentet, ikkje gjer det. Aksello ønsker å bistå lokale verksemder i dette, og då må vi også verte meir internasjonale sjølve.

Dette prosjektet inneheld tre komponentar:

1. Aksello inngjekk tidlegare i år ein samarbeidsavtale med Norec (tidlegare Fredskorpset) i Førde, der Aksello skal hjelpe Norec i å bli betre til å utveksle personell innanfor næringslivet (sjå vedlegg til søknaden). Vi skal hjelpe dei med å utforme ein ny strategi for dette. Samstundes vil vi marknadsføre dette tilbudet mot det lokale næringslivet og motivere fleire til å nytte det. Aksello sjølve vil også sjå på moglegheiten for å utveksle eige personell med ein søster-inkubator i eit afrikansk land, Ghana eller Tanzania.

2. Lokale verksemder er lite kjende med moglegheitene i afrikanske land. Innovasjon Norge har program for dette, og Norad også. Spesielt Norad sine program er interessante for Aksello. Desse har vore lagt på is det siste året, men skal no takast opp att. Norad er litt på leit med tanke på innretninga, spesielt innanfor det dei kallar strategiske samarbeid. Aksello har vore i kontakt med ambassaden i Ghana, eit land der Aksello-personell har jobba med næringsutvikling i fleire år tidlegare, og ambassaden ønsker å nytte Aksello som ein pilot for eit slikt strategisk samarbeid. Som ei utviding av den moglege utvekslinga nemnd i pkt. 1 ovanfor, ønsker Aksello å førebu ein slik pilot. Vi tenker då å etablere eit strategisk samarbeid med inkubatoren MEST i Ghana, sjå link: <https://meltwater.org/>

Dette vil bli ein god portal for samarbeid mellom lokale verksemder og verksemder i Ghana, spesielt innan hav-næringane. Det norske oljeselskapet Aker Energy har dei seinaste åra blitt ein stor aktør i Ghana, og dei ønsker å ha med norske verksemder. Fylkeskommunen og Agenda Kaupang sa i 2013: "Brasil and Angola: Here we come!". No kan vi også seie: "Ghana: Here we come".

3. EØS-midlane som Norge gir til nokre av EU-landa gir gode moglegheiter for samarbeid og utvikling mellom vårt lokale næringsliv og verksemder i desse landa. Vi har sett spesielt på Portugal, som har mange fellestrekk med Vestland-næringslivet. Vi ser også at ein svært stor portugisisk aktør er på veg inn i Sogn og Fjordane gjennom ein av våre inkubatorverksemder. Vi ønsker å bruke dette som ei

brekkstang for mykje meir samarbeid. Førebuingane krev mykje arbeid før pengane kan komme til verksemdene, og det er difor Aksello søker om finansiering frå fylkeskommunen.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Aksello AS Org.nr:987075155	Magnus Thingnes gate 1 6901 FLORØ	97573599
Kontakt- person	Arne Olsen	Magnus Thingnesgt. 1 6901 FLORØ	97573599
Prosjekt- leder	Arne Olsen	Magnus Thingnesgt. 1 6901 FLORØ	97573599

### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Aksello får kvart år støtte frå Siva til inkubatorverksemda, Flora kommune for førstelinjetenesta og i 2019 også frå Vågsøy kommune for førstelinjeteneste. (Siva og Flora kommune eig også ca. 11% kvar i Aksello). Ingen av desse midla går konkret til internasjonalisering.

Frå fylkeskommunen får vi finansiering til ulike prosjekt, som havbruksprosjektet og det nystarta vekstprogrammet for etablert næringsliv, samt inkubatordrift.

Konkret til dette formålet, globalisering/internasjonalisering, fekk vi midler frå fylkeskommunen i 2015 som vart redegjort for i 2018 (ref. sak 15/8020). Vi brukte mindre enn forventa, kun kr. 74.000,-, fordi Innovasjon Norge la ned sitt Business Matcmaking-program, som vi hadde fått 5 lokale verksemder med på.

Vi søkte også om noko midler til dette frå fylkeskommunen i 2018, men innhaldet var lite konkret og vi fekk avslag den gongen.

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Delar av næringslivet i Sogn og Fjordane nyttar internasjonale moglegheiter, mens andre, kanskje særleg i SMB-segmentet, ikkje gjer det. Aksello ønsker å bistå lokale verksemder i dette, og då må vi også verte meir internasjonale sjølve.

### Prosjekt mål

Komponent 1:

- Minst 10 utvekslingar av personell frå næringslivet i Sogn og Fjordane starta innan 2020.

Komponent 2:

- Utvikla eit hovedprosjekt for strategisk samarbeid mellom Aksello og lokale verksemder på den eine sida og ein afrikansk inkubator (i Ghana eller Tanzania) og verksemder der på hi sida.

Komponent 3:

- Skapa genuin interesse hos mange og starta forhandlingar om samarbeid mellom minst 2 vestlandske verksemder og partner(ar) i Portugal.

## **Forankring**

Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane legg stor vekt på at fylket, og næringslivet her, i større grad må se seg sjølv som ein del av det internasjonale samfunnet.

Aksello sin strategi har internasjonalisering og globalisering av det lokale næringslivet som eit viktig satsingsområde.

Gjennom vår deltaking i P-IRIS-prosjektet med fylkeskommunen har vi gjort erfaringar som vi tek med oss inn i prosjektet, spesielt i arbeidet med EØS-midla i komponent 3.

Vi har hatt møte den seinare tid med fleire norske statsrådar, både næringsminister Røe Isaksen, utviklingsminister Ulstein og digitaliseringsminister Astrup, som alle er svært positive til prosjektet, og meiner det er heilt i tråd med dei store føringane for Norge, både med tanke på utviklinga i havnæringane, internasjonalisering av næringslivet og det samfunnsansvaret som næringslivet bør ta.

## **Prosjektorganisering**

Aksello vil være prosjekteigar.

Seniorrådgjevar Arne Olsen hos oss vil være prosjektleiar. Før han kom til Aksello, hadde han jobba totalt ca. 15 år med næringsutvikling internasjonalt, hovudsakeleg i Afrika, i FN (UNIDO), Norad og ved norske ambassadar i Mosambik, Tanzania, Zambia, Nigeria og seinast i Ghana som ministerråd. Han har også 10 års røynsle frå lokalt næringsliv, som økonomidirektør i INC-Gruppen i Florø og dagleg leiar i Mercatus AS.

Vi vil sjå på behovet for styrings- og/eller ressursgruppe for heile prosjektet eller enkeltkomponentar når finansieringa er på plass.

## **Samarbeidspartnere**

Norec (tidlegare Fredskorpset) i Førde har vi som sagt eit formelt samarbeid med. Dette reknar vi med vil strekke seg ut over den opprinnelige avtalte 12-månaders perioden.

I Ghana vil viktige partnerar være inkubatoren MEST, oljeselskapet Aker Energy og den norske ambassaden. For finansiering og rådgjeving i hovedprosjektet når den tid kjem vil Norad sin Seksjon for næringsutvikling bli viktig.

For EØS-midlane vil vi trekke på ambassaden i Lisboa, den portugisiske organisasjonen EEA Grants Portugal og lokale næringsorganisasjonar i landet.

Vi reknar med at fleire av dei konkrete samarbeida prosjektet vil resultere i vil nytte Innovasjon Norge sine program for globalisering, som Go Global.

Her lokalt vil ulike næringsorganisasjonar være viktige partnerar: Hub for Ocean innan maritim og petroleum, Havbruksprosjektet til Aksello med alle havbruksaktørane, lokale medlemsorganisasjonar som Flora industri- og næringsforening, Førde Industri- og Næringsssamskipnad, Måløy Vekst osv.

## **Aktiviteter**

Komponent 1:

- Rådgjeving til Norec om forbetring av deira ordningar for utveksling av personell innan næringslivet.

- Marknadsføring av Norec sitt tilbud mot lokalt næringsliv
- Assistere lokale verksemder som ønsker å utveksle personell
- Vurdere eigen utveksling for Aksello med "søster" i Ghana (eller Tanzania)

#### Komponent 2:

- Dialog med Norad, norske ambassaden i Accra, Aker Energy og ghanesiske partnerar om etablering av strategisk samarbeid

#### Komponent 3:

- Delta aktivt på arrangement i regi av norske styresmakter samt det portugisiske EEA Grants Portugal for å framsnakke vestlandsk næringsliv og auke kunnskapen.
- Konkret dialog med portugiske verksemder om samarbeid med vestlandske verksemder innan havrom-næringane.
- Bistå lokale verksemder som ønsker samarbeid med portugisiske partnerar.
- Aktiv deltaking i Interreg-prosjektet P-IRIS for å trekke lærdom inn mot arbeidet med portugisiske partnerar.

#### **Målgrupper**

Hovudmålgruppa er verksemder i Sogn og Fjordane som er aktive innan petroleum, maritim og marine næringar.

Som resultat av godt samarbeid vil det verte positive resultat også for partnerar og verksemder i utlandet, først og fremst Ghana og Portugal.

Auka utveksling av personell frå lokalt næringsliv vil styrke Norec, deira omdømme og deira rolle som viktig aktør i Førde og regionen.

Til slutt, og for ordens skuld: Aksello vil sjølv, med eit slikt prosjekt, auke sin kraft til å bistå lokale verksemder både på kort og lang sikt.

#### **Resultat**

##### Komponent 1:

- Minst 10 utvekslingar av personell frå næringslivet i Sogn og Fjordane starta innan 2020.

##### Komponent 2:

- Utvikla eit hovedprosjekt for strategisk samarbeid mellom Aksello og lokale verksemder på den eine sida og ein afrikansk inkubator (i Ghana eller Tanzania) og verksemder der på hi sida.

##### Komponent 3:

- Skapa genuin interesse hos mange og starta forhandlingar om samarbeid mellom minst 2 vestlandske verksemder og partner(ar) i Portugal.

## **Effekter**

Prosjektet bygger opp under effektmålet:

- Større verdiskaping og sysselsetting i verksemder i Sogn og Fjordane

Det vil tilføre ny kunnskap, innovasjon og nye marknader for lokale verksemder.

Det vil auke internasjonal kunnskap og forståelse samt legge til rette for at det lokale næringsliv tek enda meir internasjonalt samfunnsansvar.

Verksemder som tenker internasjonalt vil være meir attraktive og rekruttere lettare den arbeidskrafta og kompetansen dei treng.

Som ein bi-effekt vil ei styrking av Norec sitt omdømme auke moglegheita for at sentrale styresmakter flyttar enda fleire statlege arbeidsplassar til Sogn og Fjordane.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Komponent 1 er for så vidt starta, hva gjeld samarbeidet med Norec. Men det som hovedsakeleg skal finansierast her, det konkrete arbeidet opp mot interesserte verksemder, blir frå oktober 2019.

Komponent 2 vil starte så fort finansieringa er på plass. Piloten som ambassaden i Accra er interessert i, kan starte før nyttår.

Komponent 3, EØS-arbeidet vil starte umiddelbart, men omfanget vil bli endelig klart når finansiering foreligg.

Som det framgår, er finansieringa viktig for både oppstarttidspunkt og konkret omfang i dei tre komponentane. Såleis vil midla frå fylkeskommunen i høgste grad være utløyssande for prosjektet.

**Kostnadsplan**

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Deltakande verksemder eigeninnsats	100 000	300 000				400 000
Komponent 1, utveksling	100 000	200 000				300 000
Komponent 2, strategisk partnerskap	100 000	350 000				450 000
Komponent 3, EØS-samarbeid	70 000	150 000				220 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>370 000</b>	<b>1 000 000</b>				<b>1 370 000</b>

Vi har skilt ut dei deltakande verksemdene sine kostnader i eige linje.

Kostnadsplan vil bli oppdatert når vi har fått svar på finansieringssøknadane.

**Finansieringsplan**

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Deltakande verksemder	100 000	400 000				500 000
Flora industri- og næringsforening	50 000	50 000				100 000
Norec	40 000	50 000				90 000
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	30 000	70 000				100 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	150 000	430 000				580 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>370 000</b>	<b>1 000 000</b>				<b>1 370 000</b>

Deltakande verksemder legg inn timar samt reisekostnader. Dette dekker dei sjølve. I tillegg har vi lagt inn ein eigenandel frå dei deltakande verksemdene til Aksello på kr. 100.000.

**Geografi**

1400-Sogn og Fjordane

**Vedleggsliste**

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
190430 Signert kontrakt Aksello og Norec.pdf	758 912	30.08.2019